



»Biblioteket

Målloppnåing

Biblioteket hadde 791 aktive personlege lånarar, ein reduksjon på 10% frå 2017 og 114 institusjonar i 2018, ein auke på 142% frå 2017. 34 av dei personlege lånarane bur i andre kommunar.

Biblioteket hadde 14.838 besøk i 2018, en svak auke frå året før.

Utlån: 17.293. Samanlikna med 2017 har utlånet gått ned med 1503 utlån. Nedgangen kan forklaraast med nedgang i **ebokutlånet** som er halvert i høve fjoråret. Utlånet av **papirbøker** har derimot auka med 126 utlån frå i fjar. Grunnen til nedgang i ebokutlånet heng først og framst saman med ny avtale mellom forлага og biblioteka, ein avtale som er langt därlegare enn tidlegare og fører til eit svekka tilbod til brukarane av eBokBib. I tillegg må ein peike på at fram til 2017, så vart fornyingar av lån tatt med i utlånstalet i statistikken biblioteka leverer til Nasjonal-biblioteket. Frå 2017 tek vi med berre førstegongslån.

Biblioteket arrangerte **klebyttedag** i vår og haust. Dette vart ein kjempesuksess som ga godt besøk og veldig gode oppslag i ulike media. Det blir også gjennomført **språkkafé** – møte mellom innvandrarar og innbyggjarar – to timer to gongar i månaden (annakvart tysdag). Her er det plass for fleire innbyggjarar

Biblioteket var i 2018 også lokale for «**bli kreativ kveld**» som to tidlegare innvandrarar arrangerer. Dette er ein treffstad for innbyggjarane, og noko som dei sjølve sakna den gong dei kom som nye til Giske kommune. Det blir også gitt litt finansiell støtte til dette flotte tiltaket. Vel verdt pengane!

Pga litt justering i personalkabalen på biblioteket har vi ikkje fått gjennomført så mange besøk i barnehagar og på skular som ønska. Ein har likevel vore på Godøy skule der 5. – 7. klasse som deltarar i Norli sin lesekonkurranse vart premiert med besøk av forfattaren Marius Horn Molaug, 4 besøk til Tryggheim barnehage og eitt i Vigra barnehage. I samband med Sommarles besøkte vi alle fire barneskulanane ved oppstart i juni og hadde stor sommarlesfest etter endt aksjon i september.

I samarbeid med flyktningetenesta arrangerte biblioteket «**inkluderingsdag**» på Valderøy barneskule i september.

Målsettinga var å kople fleire aktørar i lokalmiljøa på øyane (bedrifter, personar, lag og organisjonar) tettare saman. På trass av attraktivt trekkplaster iform at føredragshalar / underhaldar og spennande samtalar var det etter vår vurdering altfor få som fekk med seg dette tilboden.

Biblioteket har også hatt 6 opne kveldsarrangement i løpet av hausten: to bokslepp, eit forfattarbesøk, eit bildekåseri, ei familieforestilling, ein poesikveld.

Biblioteket har i stor grad utnytta muleheitene som digitale løysingar gir pr i år, ref e-bøker, aktiv nettside, bruk av Facebook, og websøk i bokkatalogen (Mikromarc) der du både kan fornye og reservere bøker, sende melding til biblioteket, få sms-melding når du skal levere og få nyheiter om litteratur for barn, ungdom og vaksne.

Arbeidet med **meirope bibliotek** og **meiopen kommune** har så langt tatt lengre tid enn vi kunne ønske, bl.a. fordi vi ikkje har klart å konkludere med aktuelle konsept. Formannskapet vedtok å utsetje sak om val av konsept slik at den skal vere behandla innan utløpet av 1. halvår 2019. I januar -19 vart det gjennomført fleire workshopar med innbyggjaranei januar som grunnlag for og i samarbeid med arkitekt Aat Vos som skal lage muleheitsskisser. Aat Vos er velkjent for sine moderne, attraktive og brukarpopulære moderne bibliotek, ref bl.a. Biblio-Tøyen og Ulstein Arena. Ny folkehelsekoordinator Anette Jahre er prosjektleiar.